



Ål kommune

Arkivsak-dok. 18/00293-42
Saksbehandler Eldgrim Springgard

Saksgang
Sektorutval for kultur og oppvekst
Formannskapet
Kommunestyret

BARNEHAGE- OG SKULESTRUKTUR I ÅL I FRAMTIDA

Saka vert avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida:

- Høyringsdokument april 2018
- Oppsummering høyring, juli 2018

Dokument i saka:

SUKO-sak 4/18 og formannskapssak 18/18.

Saksopplysningar:

I dokumentet «Oppsummering av omstillingsprosjektet per 15.08.2017», ber arbeidsgruppa for omstillingsprosjektet i 2017, om «vidare utgreiing om skule- og barnehagestruktur». Etter eit politisk vedtak i SUKO 20.02.18 og i formannskapet 05.03.18, fekk rådmannen i oppgåve å greie ut framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål kommune. Utgreiinga skulle vurdere både pedagogiske, økonomiske og samfunnsmessige perspektiv.

Arbeidet har vore lagt opp etter denne framdrifta:

1. Mars – april 2018: Fagleg utgreiing, utarbeide høyringsdokument
2. Mai – juni 2018: Høyringsperiode med informasjonsmøte
3. Juli – august 2018: Oppsummering høyring, utarbeide saksframlegg
4. August → 2018: Politisk prosess med vedtak i kommunestyret 18.10 eller 15.11.

Rådmannen sette ned ei arbeidsgruppe som fekk ansvar for å lage ei fagleg utgreiing:

- Tone Tveito Eidnes, rådmann, leiar
- Mette Oleivsgard, styrar
- Ellen Ellingsgard, rektor
- Kolbjørn Aas, HTV

- Eldgrim Springgard, kommunalsjef, sekretær

Arbeidsgruppa har gått gjennom høringsuttalene og avslutta arbeidet 7. august.

Barnehage- og skulestruktur er sett på sakskartet fordi barnetalet i kommunen går ned. Dette gir både faglege, organisatoriske, økonomiske og samfunnsmessige utfordringar.

Barnetal og elevtalsutvikling

Høringsdokumentet viser utviklinga i barne- og elevtal dei siste 30 åra. Fram til 2017 er det særleg aldersgruppa 1-5 år som har minka. Fødslar i Ål sidan 1985:


Tidsbolk	85 - 89	90 - 94	94 - 99	00 - 04	05 - 09	10 - 14	15	16	17	18
Snitt fødslar per år	60,8	60,6	60,0	50,6	49,6	45,8	44	33	45	17

Tabellen under syner at fram til 2014 auka talet på barn i barnehage. I denne perioden var det utbygging av kapasiteten og to-avdelingsbarnehagane hadde utvida barnegruppe, dvs. 6 ekstra plassar per avdeling.



Dei siste åra har tre private barnehagar avslutta drifta; Stallen, Sando og Solflekken familiebarnehage. I Sando overtok ny kommunal barnehage i gamle Sando skule i 2013. Frå august 2018 har heller ingen av barnehagane utvida gruppe. Fram til no har det vore samsvar mellom minkande etterspørsel og ei naturleg nedskalering av tilbodet.

Fram til og med skuleåret 2016/17 har elevtalet vore stabilt rundt 630 elevar. Skuleåret 2017/18 er elevtalet 590. Om få år, i 2023, kan elevtalet bli under 490.



Dei siste 30 åra har det i snitt starta 7 % fleire elevar på 1. trinn enn fødselstalet. Frå 2019 er det i prognosene over lagt inn at det startar 10 % fleire elevar på 1. trinn enn kjent fødselstal. Etter 2000 har særleg arbeidsinnvandrarar, busette flyktningar og asylsøkarbarn vore med på å halde elevtalet oppe. Våren 2017 mista Ål mottaket på Torpo, og for tida får heller ikkje kommunen spørsmål om å busette flyktningar. Små fødselstal vil forsterke den negative elevtalsutviklinga. Tilflytting blir nødvendig for å stabilisere/auke barnetalet i kommunen.

Ressursbruk

Det er naturleg å samanlikne ressursbruken i Ål med kostragruppe 3, dvs. dei kommunane i Noreg som liknar mest på Ål (folketal, struktur, økonomi).

Ål brukar mindre til barnehage enn kostragruppa (*sjå s. 26 i høyingsdokumentet*). I barnehage blir grunnbemanninga skalert opp eller ned etter barnetalet i barnehagen. Så langt har det vore bra samsvar mellom behov og etterspørsel, og ressursutnyttinga har vore optimal. Med meir ledig kapasitet blir drifta dyrare. Blir nedskaleringa for stor, kan dette gå ut over den daglege drifta, m.a. opningstida. Med noko ledig kapasitet får tilsette i barnehagen betre tid til det pedagogiske arbeidet, og familiar som flytter til kommunen vil i større grad kunne få barnehageplass på dagen.

Kostragruppe 3 brukte i 2017 kr. 139 000 per elev i grunnskulen. Ål brukte i 2017 kr. 131.000. Fylkessnittet var kr. 104 000 per elev i grunnskulen, (*sjå s. 29 i høyingsdokumentet*). I 2018 er rammetilskotet frå staten om lag kr. 110 000 per elev i grunnskulen. Viss elevtalet i 2023 er redusert til 490, blir rammetilskotet 11 millionar mindre dette året.

Både Ål kommune, kostragruppa og fylkessnittet brukte prosentvis mindre av samla driftsutgift til skule i 2017 enn dei gjorde i 2012. Årsaka kan vere kommunal prioritering, men det er like gjerne eit signal om ein generell elevtalsnedgang.

I Ål blir ressursane til både barnehage og skule fordelt etter ein ressurstildelingsmodell. Det er personalressursen som er den store drivaren, og difor er det personalfordelinga som gir det største utslaget når barnehagar og skular får tildelt sine ressursar.

For barnehage blir grunnbemanninga fastsett etter kor mange plassar som er i bruk. I tillegg kjem ein styrkingsressurs som blir fordelt etter behov som kjem fram etter hovudopptaket og i sakkyndige utgreiingar.

Skule får ein grunnressurs til leiing, ordinær undervisning, tidleg innsats og tilpassa opplæring. I tillegg kjem assistent og lærarressurs til elevar med særskilde behov og kompensasjon for eldre arbeidstakrar. Foreldrebetaling skal etter kommunale retningsliner finansiere SFO.

Fordelingsmodellen har fungert rimeleg bra fram til no. Elevtalet har vore stabilt og regelen har vore frå 10 elevar og oppover på kvart årssteg ved dei tre minste skulane. Når elevtalet går ned, blir den totale kommunale drifta mindre kostnadseffektiv med fleire mindre skular. Det blir også ei større utfordring å sikre fagkompetanse til alle, og lærartettleiken vil bli meir ulik.

Høyring

Etter strategikonferansen 26. april, 2018, vart ulike alternativ sendt ut på høyring:

Barnehage:

1. Skalere ned drifta i alle barnehagane
2. Legge ned ein to-avdelings barnehage
3. Redusere barnetalet i Sundre barnehage
4. Oppvekstsenter

Skule:

1. Same struktur som i dag – ingen endring
2. Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål
3. Samle elevane på barnetrinnet i ein ny barneskule

Arbeidsgruppa inviterte høyringsinstansar til å vurdere pedagogiske og samfunnsmessige konsekvensar ved dei ulike alternativa. Arbeidsgruppa gav tydeleg uttrykk for at den ynskte innspel. Det kom inn 35 høyringssvar. Sjå dokumentet *Oppsummering høyring, juli 2018*, som ligg ved saka.

I høyringssvara om **barnehagestruktur** var dette nemnt oftast:

1 Skalere ned drifta i alle barnehagane	
1.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar
	«Roleg» og trygg start for dei minste barna i lokal barnehage
	4
	Gir høve til samarbeid skule-barnehage om t.d. SFO og overgang til skule
	4
1.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper
	Mindre fagmiljø med færre tilsette – därlegare tenestekvalitet og fagleg utvikling
	8
	Færre vaksne – kan bli nødvendig å redusere opningstida for å ivareta tilfredsstillande sikkerheit
	6
1.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar
	Ål beheldt alle barnehagane, viktig med eit tilbod i alle grender
	8
	Mindre forhold – foreldre tek større ansvar
	3
1.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper
	Vanskeleg å oppretthalde dagens opningstid
	6
	Korleis oppretthalde tilfredsstillande sikkerheit/kvalitet med få tilsette og lang opningstid?
	2
2 Legge ned ein av barnehagane	
2.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar
	Det blir eit stort nok fagmiljø i dei andre to-avdelingsbarnehagane – mindre sårbart
	7
	Enklare å oppretthalde lang opningstid
	3
2.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper
	Vanskelegare med gode overgangar mellom barnehage og skule
	4
	Viktige sosiale relasjonar blir brotne i overgangen barnehage-skule
	3
2.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar
	Enklare å halde på dagens opningstid 07.00 – 17.00
	4
	Reduserte driftsutgifter, t.d. løn til ein styrar
	3
2.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper
	Eit nærmiljø mistar barnehagen, (konsekvensar for barn, foreldre og tilsette)
	8
	Utflytting frå grendene, mindre tilflytting
	7
3 Redusere tal barn i Sundre barnehage	
3.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar
	Større areal til grupperom/gruppedeling, leikareal og møterom i Sundre
	6
	Overgangsplanen sikrar lik overgang til skule uansett kva barnehage barnet går i.
	2

3.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper	
	Krev pedagogisk omorganisering i Sundre	3
	Færre vaksne på eit stort uteområde	1
3.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar	
	Enkelt å utvide om behovet aukar	10
	Meir effektiv sparing enn å ta litt over alt utan store negative konsekvensar	6
3.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper	
	Ikkje alle får plass der dei ynskjer, sentrumsbarnehagen blir mindre	1
	Ulempa om foreldre i sentrum må køyre barna til barnehage i grendene	1
4	Oppvekstsenter	
4.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar	
	Med god leiing kan denne modellen gi betre samarbeid mellom barnehage og skule	2
	Litt større faglege miljø i dei små einingane	1
4.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper	
	Ein leiar? Vanskeleg med godt nok fokus på både barnehage og skule	3
	Ulike på struktur, organisering, rammeverk – vanskar med å møtast på ein god måte	2
4.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar	
	Kan vere eit (mindre attraktivt) alternativ for å redde eit barnehagetilbod i nærmiljøet	1
	Ivaretar det å ha ein barnehage i nærmiljøet	1
4.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper	
	Lite å spare – vil uansett krevje fleire leiarar	1

I høyringssvara om **skulestruktur** var dette nemnt oftast:

1	Same struktur som i dag – ingen endring	
1.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar	
	Mindre klassar, meir tid til kvar enkelt elev på mindre skular	8
	Trygge og oversiktlege miljø, «alle kjenner alle».	6
1.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper	
	Kan bli eit lite og sårbart læringsmiljø for elevane	4
	Lite fagmiljø	3
1.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar	
	Skulane er med på å oppretthalde levande bygder	10
	Fleire kan gå til skulen	7
1.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper	
	Dyr drift, det vil vere meir effektivt å samle ressursane ein stad	3
	Gir driftsutgifter og vedlikehald av fleire skulebygg	3
2	Legge ned Skattebøl skule og flytte elevane til Nedre-Ål	
2.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar	
	Større fagmiljø (større fagkrets)	5
	Færre overgangar for elevane (frå 4. til 5. trinn)	3
2.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper	
	Uteområde på Skattebøl innbyr til meir leik enn uteområdet på Nedre-Ål	5
	Trongare og større klassar – fleire elevar på same areal som no.	4
2.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar	
	Betre utnytting av ressursane	2
	Færre lærarar?	1
2.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper	
	Eit nærmiljø mistar skulen	2
	Lengre og därlegare skuleveg for ein del elevar	2
3	Samle elevane på barnetrinnet i ein ny barneskule	
2.1	Pedagogiske og organisatoriske fordelar	
	Større (og meir variert) fagmiljø (utnytte lærarkreftene meir optimalt)	6

	Alle elevane i kommunen får (i teorien) same tilbod, felles pedagogisk plattform	5
2.2	Pedagogiske og organisatoriske ulemper	
	Lang skuleskyss for mange elevar som blir slitne (meir forureining, utrygt, barns beste?)	10
	For stor elevgruppe (mange elevar samla på ein stad – særleg for dei minste)	5
2.3	Samfunnsmessige og økonomiske fordelar	
	Betre utnytting av ressursar (enklare å drifta eit godt fagmiljø, stordriftfordelar)	4
	Alle pengane blir samla på ein skule, jamnare fordeling	3
2.4	Samfunnsmessige og økonomiske ulemper	
	Negativ konsekvens for busetjing i grendene (forgubbing og på sikt svakare kommuneøkonomi)	10
	Meir foreldrerekøring til aktivitetar i sentrum på ettermiddagen	7

Administrasjonen ser desse høyringssvara som viktig brukarmedverknad, og dei er tekne med i vurderinga av dei ulike alternativa til framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål.

I tillegg svara 383 enkeltpersonar på spørjeundersøkinga EasyQuest.

Barns beste

Artikkel 3 i barnekonvensjonen krev at i saker som får konsekvensar for barn, skal den som fattar vedtak ta omsyn til barnets beste. Men kva er barnets beste? Eitt barn er utrygg på skulebussen, eit anna barn er einsam på gredeskulen. Nokre vil blomstre i eit større miljø, andre tek ut potensialet i ei mindre og aldersblanda gruppe. For kommunen blir det viktig å legge til rette ordningar, som ein heilskapleg meiner er best for alle barn.

Vurdering av ulike alternativ

I høyringsdokumentet la arbeidsgruppa fram ulike alternativ til framtidig barnehage- og skulestruktur i Ål. Etter høyringa har rådmannen vurdert desse alternativa:

Barnehage:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å
 - a. skalere ned drifta i alle barnehagane, eller
 - b. redusere barnetalet Sundre barnehage

Skule:

1. Same struktur som i dag, ingen endring
2. 1.-4. trinn ved skulane Skattebøl, Leveld og Torpo. 5.-7. trinn ved Nedre-Ål skule
3. Desentralisert struktur
 - a. Bygge om Nedre-Ål skule og legge ned Skattebøl skule
 - b. Tilrettelegge for fådelt skule i Leveld og på Torpo skule
4. Ein felles barneskule for alle elevane i kommunen

Forhold til overordna plan:

Kommuneplan 2015-2027

Budsjett 2019 og økonomiplan 2020 - 2024

Betre læring, 2016-2020

Miljøkonsekvenser:

Sjå vedlegg til saka og vurderinga.

Helse-/miljø og beredskapstilhøve:

Sjå vedlegg til saka og vurderinga.

Økonomiske konsekvensar:

Sjå vedlegg til saka og vurderinga i punktet under.

Vurdering:

Rådmannen byggjer vurderinga på Kommuneplan 2015-2027, høyringsdokumentet om barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida, og på uttaler frå høyringsinstansane.

BARNEHAGESTRUKTUR:

Med dagens barnetal bør ikkje kommunen legge ned ein barnehage. Det kan vere eit gode for kommunen med ledig kapasitet i barnehagane. Det blir enklare å rekruttere barnefamiliar til kommunen. Ål kommune har hatt ei kostnadseffektiv drift. Ved å halde fast på dagens struktur blir ikkje drifta like kostnadseffektiv viss barnetalet går ned.

Kommunen må forvente nedgang, men det er alltid vanskeleg å vite sikkert korleis framtida blir. Det kan vere fornuftig å vente med store endringar i barnehagestrukturen. Inn til vidare bør kommunen enten skalere ned drifta i alle barnehagane, eller reduserer barnetalet i den største sentrumsbarnehagen, Sundre. Det er fordelar og ulemper ved begge alternativa:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.

Dette alternativet blir ei vidareføring av dei tiltaka sektoren er i gang med. Dei aller fleste vil framleis ha tilbod om barnehage i nærmiljøet. Fagmiljøet kan bli svekka når grunnbemanninga blir tilpassa barnetalet i barnehagane. I staden for å strype bemanninga, bør ein vurdere å ha ledig kapasitet. Dette kan gi betre oppfølging av enkeltbarn og det blir enklare å gi plass til nye barn fortløpande gjennom året. Opningstida kan bli ei utfordring. I dialog med foreldre er det mogeleg å redusere opningstida på enkeltdagar. Andre tiltak kan vere å innføre fem-dagars plassar. Dette sikrar ei meir stabil grunnbemanning. Med tanke på kor viktig den faglege og sosiale utviklinga er dei første leveåra, bør kommunen også vurdere å senke foreldrebetalingsatsen.

2. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å redusere barnetalet i Sundre barnehage.

I dette alternativet kjem hovudtyngda av nedskaleringa i den største barnehagen. Skal dette alternativet gi meir økonomisk gevinst enn alternativet over, må barnehagen minst stenge ei heil avdeling. Dette er den mest effektive sparinga, og det blir også mindre ledig kapasitet i dei andre barnehagane i Ål. Dette alternativet sikrar driftsgrunnlaget til dei små barnehagene. Sundre vil framleis ha mange barn og tilsette med eit godt fagleg og sosialt miljø. Den største innvendinga er at Sundre saman med Sando, er dei barnehagane som har flest søkerar. I tillegg vil ein ei mindre grad ha ledige plassar til familiar som flytter til kommunen gjennom barnehageåret.

Ingen av alternativa rokkar ved strukturen, det er enkelt å bemanne opp igjen om barnetalet aukar. Begge alternativa vil gi ei innsparing, men ingen av alternativa gir stor økonomisk gevinst. Å stenge ei heil avdeling i Sundre, kan gi ei meirinnsparing på om lag ein halv million.

Rådmanen meiner det første alternativet inn til vidare er det beste alternativet, og at det er fornuftig å avvente barnetalsutviklinga og kva for skulestruktur som blir vedteke.

SKULESTRUKTUR:

I følgje skuleforskinga er det ikkje storleiken på skulen som avgjer kvaliteten på læringsmiljøet. Både små og store skular kan gi god opplæring. Læraren har ei nøkkelrolle i læringsarbeidet, og skal praksisen bli god i klasserommet, må lærarar med god kunnskap reflektere saman og dele erfaringar, forsking og elevresultat for å finne fram til felles læringsstrategiar i møte med barn og unge. Undervisning er eit lagarbeid. I eit større fagmiljø vil det vere enklare å legge til rette for eit breiare lagarbeid. I høyringa har delar av fagmiljøet i sektoren streka under dei pedagogiske kvalitetane ved aldersblanding og fådelt skule.

Det er også grunn til å lytte til alle som i høyringa meiner skulen er med på å oppretthalde levande bygder, og som meiner fådelt skule er eit betre alternativ enn å legge ned skulen. Med forventa elevtalsutvikling vil dei minste skulane bli fådelte. Det blir større skilnad på det pedagogiske opplegget og på lærartettleiken mellom skulane i Ål, og det vil gi ei dyrare drift. Vegard Kvam ved Universitetet i Bergen skreiv ein artikkel om bygdeskular med fådelt ordning i 2013: «*Fådeltskolene avhenger av reell politisk vilje til å opprettholde en desentralisert skolestruktur, ettersom fådelte skoler jevnt over økonomisk sett er meir ressurskrevende enn fulldelte skoler for kommunen.*»

Rådmannen har vurdert dei to følgjande alternativa til skulestruktur som lite aktuelle:

1. Same struktur som i dag, ingen endring

Dette alternativet er ikkje berekraftig over tid. Elevtalet vil gå ned, og med færre elvar vil også rammeløyvinga frå staten gå ned. Kommunen vil med dette alternativet spreie fagkunnskap og ressursar på for mange miljø. Ein variant kunne vere å la alle på 1. og 2. trinn i sentrumsområdet gå på Skattebøl skule, eventuelt med felles rektor. Dette kunne gi ei viss innsparing, og dei minste barna ville ha eit stort uteområde rundt seg. Men det ville gi eit oppdelt fagmiljø på barnetrinnet, nye trafikale utfordringar og like mange bygningar å vedlikehalde.

2. 1.-4. trinn ved skulane Skattebøl, Leveld og Torpo. 5.-7. trinn ved Nedre-Ål skule

Dette framleggset kom som innspel i høyringa, og 24 enkeltpersonar foreslo denne løysinga i spørjeundersøkinga EasyQuest. Frå 5. trinn aukar det fagspesifikke, og med ein felles skule for 5.-7. trinn på Nedre-Ål, ville det bli enklare å legge til rette for meir lik lærung for alle elevane i kommunen fram mot ungdomsskulen. Elevane på 1.-4. trinn i sentrum ville få tilgang til det store uteområdet ved Skattebøl skule, og småskuleelevene i Nordbygdene og på Torpo ville sleppe lang skulekjøring inn til ein sentrumsskule.

Den største utfordringa vil vere å samle sentrumselevane på 1.-4. trinn på Skattebøl. Sjølv med ei krinsregulering der elevar frå Liagardane går til Torpo, og heile den gamle Bergsgardskretsen går til Leveld, vil det bli nødvendig med ei større utbygging på Skattebøl (klasserom, grupperom og utvida SFO). Ei løysing kunne vere å legge ned Skattebøl barnehage og la den bli ein del av Skattebøl skule. Det ville likevel vere behov

for ombygging og utbygging på Skattebøl. I tillegg ville elevtal og fagmiljøet ved skulane i Torpo og Leveld etter kvart bli lite med berre småskuletrinna igjen (mellanom 20 og 30 elevar i 2025).

Rådmannen meiner difor det berre er to aktuelle alternativ:

1. Desentralisert struktur

I dette alternativet vil Ål halde på ein desentralisert skulestruktur med ein sentrumsskule og to greneskular. Elevane vil vere i ulike læringsmiljø før ungdomsskulen. Elevane i sentrum vil gå i ein fulldelt skule, og elevane i grenene vil gå i fådelte skular.

1 a) Bygge om Nedre-Ål skule og legge ned Skattebøl skule

Dette alternativet samordnar ressursane i sentrum. Alle elevane i sentrumsområdet går på same skule og har tilgang til eit felles fagmiljø. Avstanden mellom dei to skulane er liten (2,4 km), og Skattebøl er definert som ein del av sentrumsområdet. Tal på skyss-elevar vil ikkje auke mykje (to elevar skuleåret 2017/2018), og skulevegen vil for dei aller fleste bli på gangveg.

SFO vil i ein sentrumsskule etter prognosane få mellom 50 og 60 barn i åra som kjem. Få år tilbake hadde Nedre-Ål åleine rundt 60 barn i SFO. Felles SFO vil gi betre ressurs-utnytting, og kan gi tilbod om fleire aktivitetar både ute og inne.

Størstedelen av Skattebøl skule er snart 40 år gammal. Skulen vil i nær framtid ha behov for oppussing. Skulen og arealet rundt er kanskje av dei kommunale eigedomane som er enklast å omsetje til andre føremål. Elevane som i dag går på Skattebøl vil miste eit fint uteområde. Det blir viktig å ruste opp uteområdet ved Nedre-Ål skule før elevane frå Skattebøl blir flytta over.

Elevtalet i ein felles sentrumsskule vil frå august 2019 vere 254 elevar. Med dagens areal gir dette om lag $3,3 \text{ m}^2$ undervisningsrom per elev. Etter prognosan kan elevtalet i 2025/26 vere 227 elevar. Med ei mindre ombygging meiner administrasjonen at Nedre-Ål har plass til elevane frå Skattebøl.

Ei førebels skisse til ombygging er kostnadsrekna til 3 mill. inkludert moms:

- Bygge om tekstil og teiknerom til to nye klasserom og to grupperom.
- Bygge om klasserommet Såta til tekstilrom kombinert med SFO.
- Bygge om datarom til arbeidsrom for lærarane.

I tillegg kjem

- Generell oppussing av skulen. Dette er kostnadsrekna til 4,3 mill.
- Midlar for å utvide og ruste opp uteområdet ved Nedre-Ål. Dette er ikkje kostnadsrekna.

For å sikre god tid til planlegging, finansiering og gjennomføring, kan det vere fornuftig å vente med gjennomføring til skulestart i 2020. Då vil det samla elevtalet vere om lag 240 elevar. Dersom endringa blir gjennomført med verknad frå august 2019, vil årleg meirinnsparing på drift frå 2020 vere om lag 2,4 mill.

1 b) Tilrettelegge for fådelt skule i Leveld og på Torpo

Med dette alternativet håpar kommunen at ein ved hjelp av grendeskulen kan auke innflyttinga til kommunen. Det er vilje til å bruke ressursar på å styrke det pedagogiske miljøet i både fulldelt og fådelt skule med ulike arbeidsformer og ulik fagplanstruktur. Skal dei fådelte skulane ta ut det pedagogiske potensialet som aldersblanding gir, bør det leggast til rette for ekstra opplæring av dei tilsette.

Med denne løysinga vil elevane gå på skule i nærmiljøet. Særleg for dei yngste elevane kan dette gi ein oversiktleg og trygg skulekvardag. Yngre elevar kan lære av eldre, og det blir enklare å ta i bruk nærområda i læringsarbeidet.

Færre elevar vil ha behov for skuleskyss, og for mange vil skuleskyssen framleis vere rimeleg kort. På sikt bør det leggast til rette slik at endå fleire elevar kan gå trygt til skulen. I samarbeid med foreldre bør det opparbeidast snarvegar/ turstigar som elevane kan bruke som skuleveg både sommar og vinter. Ein aktiv skuleveg gir både betre læring og betre helse.

Truleg vil elevtalet gå ned i åra som kjem og fagmiljøet vil bli mindre. Det kan bli aktuelt med meir fagnettverk og tettare personalsamarbeid mellom Torpo og Leveld. Aktuelle løysingar kan vere felles faglærarar i t.d. kroppsøving, musikk, mat og helse og spes.ped.

Det kan også bli aktuelt å samordne leiarskapet skule/barnehage, der dei deler oppgåver og leiarskap med t.d. 70 % på kvar eining, eller med ein leiar i 100 % og nestleiar i 40 % stilling. Med samordna leiarskap er vegen kort over til eit oppvekstsenter. Eit oppvekstsenter med barnehage + 1.-7. trinn, vil kunne gi eit endå tettare samarbeid mellom barnehage og skule. For mange 6-åringar kunne overgangen til skulen gjerne vore meir stegvise.

Nordbygdene barnehage og Leveld skule er i same lokale. Samlokalisering er eit godt utgangspunkt for samarbeid om t.d. SFO og fagressursar. Torpo vil som fådelt skule få tre til fire faste grupper i framtida. Eit aktuelt tiltak som bør vurderast, er å flytte Torpo barnehage inn i skulen. Dette kan frigjere barnehagen (tomta) til bustadformål.

Målt mot dagens drift gir denne modellen rom for å redusere leiarressursen med om lag 80 % til saman (to skular og to barnehagar). Å flytte Torpo barnehage til Torpo skule vil også redusere driftskostnadene og bygningsmasse. Årleg meirinnsparing med denne modellen er vanskeleg å talfeste før det er gjort ein grundig gjennomgang av ulike driftsmodellar.

2. Ein felles barneskule for alle elevane i kommunen

Ein felles barneskule ligg eventuelt nokre år fram i tid. Høyningsdokumentet skisserer at ein eventuell ny skule kan stå klar i 2025. Fleire meiner at dagens Nedre-Ål skule blir ei dårleg løysing, og at ein ny barneskule for alle elevane i Ål må byggjast på ei ny tomt. Dersom det er politisk vilje, krev dette ei grundig utgreiing av ulike alternativ og meir gjennomarbeidde kostnadsanalyser.

Fleire kommunar, mellom andre Hol, Gol og Hemsedal, har felles barne- og ungdomsskule. Dette kan gi ein økonomisk gevinst og større samanheng i læringsarbeidet frå 1. til 10. trinn. I Ål har ikkje dette alternativet vore drøfta. Ein ynskjer å ta vare på eigenarten til ungdomsskulen, og for elevane kan det vere greitt med eit miljøskifte etter 7. trinn.

Ein felles barneskule vil gi alle elevane i kommunen same pedagogiske tilbod. I ein felles skule blir fagressursane kommunen rår over utnytta optimalt, og det blir same lærartettleik for alle elevane. Elevane vil virke i eit breiare og meir variert læringsmiljø, og dei vil få eit større sosialt miljø. Dei eldste elevane blir godt samkøyrd før ungdomsskulen. For dei yngste elevane kan skuleskyssen bli den største utfordringa. For enkelte elevar vil tidsbruken bli over det som er rekna som forsvarleg. Eigen direkte skyss frå utkantane til skulen, kan redusere denne ulempa.

Ein barneskule vil gi betre ressursutnytting. Leiressursane blir samla på ein stad. Det kan gi rom for å tilsette sosiallærar og spesialpedagogar, og hjelpetenestene; PPT og skulehelseteneste» kan i større grad «flytte inn» på skulen og kome tettare på læringsmiljøet. Meir tid kan brukast til veiledning og støtte i det praktiske relasjons- og læringsarbeidet.

Ein sentrumsskule kan også opne for nye samarbeidsmodellar mellom SFO, kulturskule og idrett, der desse aktivitetane blir ein del av skuledagen. Med alle elevane samla på ein stad vil alle elevane ha same tilgang til dei same aktivitetane. Det kan gi større valfridom. Med heildagsskule og tilrettelegging kan foreldre spare dei ekstra ettermiddagsturane til og frå aktivitetar på Sundre.

Dei fysiske rammene påverkar læringsarbeidet. Med eitt nytt skulebygg kan kommunen samle ressursbruken og det kan gjennomførast ei meir omfattande utbetring av det fysiske læringsmiljøet. Det er over tid dyrt å halde mange bygg ved like og oppdatere desse i samsvar med nye læringsformer, t.d. datanettverk og elektronikk. Med unntak av Torpo, treng dei tre andre barneskulane i Ål å bli pussa opp i ulik grad (høyringsdokument s. 42).

I høyringa stiller mange spørsmål ved etterbruken av eksisterande bygg. Dette er ei relevant problemstilling. Skulebygga på Torpo og i Leveld er godt fungerande skulebygg som det er vanskeleg å finne andre bruksområde for. I tillegg har skulen og barnehagen ein grendehusfunksjon med fleirbrukssal, møterom og basseng. Det blir krevjande både økonomisk og administrativt å vidareføre desse funksjonane utan i samdrift med skulen/barnehagen.

Mange er bekymra for folketalsutviklinga i grondene og bygdeidentiteten viss skulen blir lagt ned. Kva som gir tilflytting og folketalsauke er eit samansett spørsmål som handlar om generelle samfunnstrendar og politiske val og prioriteringar på fleire område både nasjonalt og lokalt. Det er truleg utkantane i kommunen som i særleg grad, vil merke ein nedgang viss skulen blir borte. Mange bur på Torpo og arbeider på Gol. For desse blir det bakvendt å leve og hente barn i SFO på Sundre. For andre kan eit skuletilbod i sentrum vere det mest attraktive.

I Noreg er det i snitt over 12 elevar per lærar. I Ål vil det i følgje alternativ 3B (s. 49 i høyringsdokumentet), vere om lag 11 elevar per lærar i 2025. Denne lærartettleiken vil, med ei investering på kr 150 mill., gi ei årleg meirinnsparing på om lag 3 mill.

I første omgang er det lite å spare på å investere i ein felles barneskule i Ål. Kanskje kan det vere verdt å prøve ut om ein desentralisert modell gir betre tilflytting til kommunen?

Viss elevtalet derimot held fram med å gå ned etter dei mest dystre prognosane, vil grendeskulane bli svært små med mellom 4 og 8 elevar på trinnet i 2023. Det blir eit lite både sosialt og fagleg miljø, og det vil gi ei stadig dyrare drift.

INNSTILLINGA

I sak om **Barnehage- og skulestruktur i Ål i framtida**, ser rådmannen følgjande alternativ som aktuelle:

1. Ål kommune held inn til vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2019 (dersom pkt. 4 blir vedteke) eller 2020 (dersom pkt. 3 blir vedteke).
3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo, og vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

ELLER:

4. Ål kommune set av midlar for å startar planarbeidet med tanke på å bygge ein felles barneskule for alle elevane i kommunen med oppstart skuleåret 2025.

Saka har vore gjennom ei grundig høyring. Innspela som er komne inn viser at det er sterke argument for å oppretthalde ein desentralisert struktur. Kommunen har sterke og livskraftige bygder, og avstandane frå sentrum til utkantane i grenadene er relativt store. Ut frå eit heilheitleg perspektiv vil difor rådmannen tilrå at ein opprettheld ein desentralisert struktur for grenadene, og at ein samlar ressursane i sentrum.

Rådmannen si innstilling:

1. Ål kommune held inntil vidare fast på dagens barnehagestruktur ved å skalere ned drifta i alle barnehagane.
2. Ål kommune byggjer om Nedre-Ål skule for å gi plass til alle elevane i sentrum, og legg ned Skattebøl skule frå hausten 2020. Det blir løyvd midlar i budsjett 2019 til ombyggingsarbeidet slik det er skissert i saksutgreiinga.

3. Ål kommune held fast på ein desentralisert struktur og legg til rette for fådelte skular i Leveld og på Torpo. Administrasjonen vurderer ulike driftsmodellar i samarbeid med barnehagane Nordbygdene og Torpo.

Underskrift

Tone Tveito Eidnes
Rådmann

Eldgrim Springgard
kommunalsjef oppvekst